



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Referat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Fitjar rådhus, kommunestyresalen
Dato: 21. september 2017
Tid: Ca. kl. 19.30 (etter møtet i fellesrådet)
Møtenr.: 5/2017

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskilt innkalling.

Faste medlemmer som har møtt:

Namn	Funksjon
Helga Olsen Aadland	Leiar <u>N.B.Ord for dagen</u>
Sigrid Marie Fangel	Nestleiar
Gunnvald Aarbø	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav Oma	Sokneprest
Harald Rydland	Kyrkjeverje

Forfall:

Namn	Funksjon
Terje Havro	Medlem

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
------	----------

Varamedlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Fridleif Lydersen	Vara for soknepresten



Sakliste:

Saksnr.	
S-17/17	Arrangement i kyrkja sin regi
S-18/17	Sunnhordland prosti sin frivilligpris
S-19/17	Historiske gjenstandar i kyrkja
S-20/17	Møteplan for soknerådet/fellesrådet
S-21/17	Godkjenning av referat
S-22/17	Meldingssaker
S-23/17	Open post

S-Sak 17/17: Arrangement i kyrkja sin regi

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Behandling i soknerådet 21.09.2017:

Det har vore mange arrangement i august og september slik som konsert, friluftsgudsteneste, søndagsskulens dag, temakveld med Bjørlykke og salmekveld/ynskjekonsert.

Kommande arrangement er:

- Luther jubileum 16. oktober kl. 17.
- Prostdag på Fitjar Bedehus 31. oktober kl. 12 for dei tilsette, kl. 16.30 med middag også for soknerådsmedlemmene, kl. 19 gudsteneste i Fitjar kyrkje for heile kyrkjelyden.
- Jubileumsgudsteneste og –fest 19. november med biskop, prost og inviterte gjester. Jubileumsfesten vert rett etter gudstenesta.

Vedtak (samrøystes):

Soknerådet ynskjer at same komiteen som hadde ansvaret for orgel-/kyrkjelydsfesten i vår påtar seg ansvaret for jubileumsfesten 19. november. Sigrid M, Fangel leiar komiteen og kallar inn til fyrste møte.

S-Sak 18/17: Sunnhordland prosti sin frivilligpris

Framlegg til vedtak:

Fitjar sokneråd sender inn framlegg på fylgjande kandidatar til Sunnhordland prosti sin frivilligpris for 2017:

Behandling i soknerådet 21.09.2017:

Det vart fremja eit forslag til kandidat for frivilligpris i møtet. Soknerådet vart einige om at det vert sendt inn til Sunnhordland prosti.

Vedtak (samrøystes):

Fitjar sokneråd sender inn framlegg på ein kandidat til Sunnhordland prosti sin frivilligpris for 2017. Soknepresten skriv kommentaren.

S-Sak 20/17: Historiske gjenstandar i kyrkja

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til at dei historiske gjenstandane som til vanleg ikkje står framme i kyrkjerommet kan stillast ut på galleriet.

Behandling i soknerådet 21.09.2017:

Soknerådet vert orientert om saka. Dei ynskjer eit fysisk avgrensa område for gjenstandane.

Vedtak (samrøystes):

Soknerådet sluttar seg til at dei historiske gjenstandane som til vanleg ikkje står framme i kyrkjerommet kan stillast ut på galleriet med ei enkel fysisk avgrensing av området.



S-Sak 20/17: Møteplan for soknerådet 2. halvår 2017:

Framlegg til vedtak:

Soknerådet fastset slik møteplan for hausten 2017:

Behandling i Soknerådet 21.09.2017:

Vedtak (samrøystes):

Soknerådet fastset slik møteplan for hausten 2017:

Torsdag 19. oktober kl. 18

Onsdag 7. desember kl. 18 med juleavslutning kl. 19.30

S-Sak 21/17: Godkjenning av referat

Framlegg til vedtak:

Soknerådet godkjenner referatet frå møte den 30. mars 2017.

Behandling i soknerådet 21.09.2017:

Vedtak (samrøystes):

Som framlegg.

Sak 22/17: Meldingssaker

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Behandling i soknerådet 21.09.2017:

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Konfirmantarbeidet

Det har vore ein fin start med 41 påmelde konfirmanter. Fin presentasjonsgudsteneste og god tilbakemelding frå hjelpegruppeleiarne. Det vert berre ein helgeleir på Solgry for desse konfirmantene 17. – 18. mars 2018. Dei har laga ein konkurranse mellom konfirmantene om kven som går mest på gudsteneste.

2. Prostimøte på Fitjar 31. oktober, påmelding

Soknerådsmedlemmene er velkommen til middag kl. 16.30 i Fitjar Bedehus, påmelding innan 24.10.2017.

Vedtak (samrøystes):

Som framlegg.

Sak 23/17: Open post

Ingen innmelde saker.

Signering:

Sekretær

Leiar



DEN NORSKE KYRKJA
Fitjar sokn